

- Bruk analysepengane til noko anna

03.10.2012



Eskil Moen vil nytte analysepengane til noko anna

**Bruk dei 250 000 som no er sett av til stadanalyse for Uskedalen til noko anna som er meir nyttig for bygda.**

Det anbefalte Eskil Moen frå Framstegspartiet under møtet som Uskedal utvikling heldt i Gamleskulen ikveld. Det var Venstres Kjell Yri som fekk på plass att denne summen under eit møte i formannskapet for stutt tid sidan og han trudde ikkje det vil vere mogeleg å få den same summen til andre tiltak i bygda Moen tok fram stadanalysen for Husnes som eit døme og meinte den ikkje er verd papiret den er skreve på.



--men det trur ikkje Kjell Yri vil vera mogeleg

Eit viktig spørsmål i denne samanhengen er om det er naudsynt med ein slik analyse som grunnlag for reguleringsplanane og det kom fram at analysen er ein basis som vil letta den vidare planleggjring. Dei 6 kommunestyrerrepresentantane frå Uskedalen var invitert til møtet og 4 av dei møtte medan dei 2 siste var i utlandet. Diverre var berre eit fåtal utanom dei til stades.

Skulen var eit naturleg tema og Kjell Yri meinte at prosjektet er i ein gunstig situasjon trass i utsetjinga samanlikna med andre prosjekt i kommunen. FAU-medlem Johannes Hjønnevåg sa at utvalet hadde akseptert utsetjinga men kravd visse tiltak som kan betra luftkvaliteten i den fløyen som skal renoverast. Eskil Moen trudde det var fornuftig å ta opp spørsmål om løvyingar til skulen direkte med posisjonspartia. FAU har no skreve til administrasjonen om saka.

I ein oppsummering av bustadprosjekt opplyste leiar Kristian Bringedal at grunneigar Erlend Bjørnebøle håpar å få reise hus på dei første 3 tomtane i Øvre Helsabrotet snart. Det vantar noko dokumentasjon for kloakk og vatn. Om Eikelandet-prosjektet opplyste han at det er endra litt i og med at alle dei 8 bustadane er flytta på linje mot kala og har fått skråtak.

- Ingen annan stad i Kvinnherad kan frista med så mange og varierte buformer, sa Bringedal.

Planleggjeringa av idrettsanlegg var også eit tema som vart berørt av mellom andre Ivar Berner Arnesen som ville

behalda Heio men leggja kunstgrasbane på halve grusbana og ballbinge på den andre halvparten. Han var for å overføra hallen og grusbana til kommunen men dette hadde ikkje Eskil Moen tru på som nokon god løysing.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen